



Bjørn Ove Aaen Martinsen  
Titlandsvegen 281  
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1436 - 16/11180

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

26.04.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 129/1

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.04.16.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

Med omsyn til omsøkt tiltak ber vi om at de gjer greie for planlagt bruk av tiltaket.

### Teikningar

Området der tiltaket er synt plassert kan sjå ut til å vere sær bratt, vi ber difor om at det vert levert inn terrengsnitt som syner eksisterande og planlagt terreng, samt naudsynte fyllingar og/eller eventuelle naudsynte støttemurar. Dette vil og vere tiltak som er søknadspliktige og som må teiknast inn på situasjonsplan.

Motteke teikningsgrunnlag må supplerast med ein situasjonsplan som er påført ytre hovudmål på tiltaket, vidare må det påførast minste avstand til kommunal veg.

Det må og synast vegtilkomst til tiltaket samt plassering av eventuelle naudsynte murar/fyllingar i terrenget og minste avstand til vegmidte frå desse.

Det må førast på himmelretning på fasadeteikningane. Det må leverast inn planteikning av tiltaket.

### Dispensasjon

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket inkludert eventuelle naudsynte murar eller fyllingsfot kjem nærare vegmidte enn 15 meter så må det søkjast om dispensasjon frå avstandskrav gjeve i veglova. Slik søknad sendast til Teknisk drift, de kan nytte vedlagd skjema.

### Nabovarsel

Eigedom gbnr. 129/82 – Lindås kommune er ikkje nabovarsla om tiltaket.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Skildring av planlagt bruk av tiltaket, utover at det skal nyttast til reiskapshus.
2. Oppdatert situasjonsplan, påført ytre hovudmål på tiltaket, minste avstand til vegmidte frå tiltaket og evt. fyllingsfot/støttemurar.
3. Eventuelt søknad om dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte, dersom reiskapshus eller eventuelle naudsynte støttemurar/fylling kjem nærare vegmidte enn 15 meter, de kan nytte vedlagd skjema dersom det er naudsynt å søkje dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte.
4. Dokumentasjon på nabovarsling til gbnr. 129/82.
5. Fasadeteikning påført himmelretning.
6. Planteikning som syner rominndeling for bygget.
7. Terrengsnitt som syner eksisterande og planlagt terreng, samt evt. fyllingsfot /støttemurar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.05.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgivevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema disp byggegrense kommunal veg generelt april 2015

### **Mottakarar:**

Bjørn Ove Aaen Martinsen

Titlandsvegen 281 5912

SEIM